

Emnenr. 1

Tilleggsspørsmål nr.

Emne:

Oppskr. av: Lønar Anton Sævi

(adresse): Symuoy

Fylke: Hordaland

Herad: Austhøy

Bygdelag: Austhøy

Gard:

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *mye røynsle*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Arbeid er ikkje kjend her i bygda.
 For kring 60 år sidan hadde ein heller ikkje plog eller harv. Ein spalde åkeren med spade eller greip. Var det mykje jord og melda laus brukte ein greip, på slinnit og lunn åker brukte ein spa. Det var eit tungt og hardt arbeid om våren tie å få åkeren oppspald, og alt fækk på garden måtte vera med, så ein tok tie så snart telan gjekk om jorda.

Når ein sådde kornet, så melda ein det med på ymse måtar. Ein fór over åkeren med ei rive og fekk kornet med på den måten. Andre brukte på greip og fekk kornet med med, men etter greip kom det litt dyupare med og rann utke dagar seinare. Men så kom harvane til bygda for kring femti år sidan og så vart dei rive og greip brukte ruti.

Plogen kom einst til bygda. Dei eldste plogane her er 60-år eller mindre det. Då kom plogane frå fabrikkane. Det var

var ikkje bygdesmeier her som laga jølgare
 Føkket her hadde ikkje tui jølgare med
 det same. Den gamle måten med å
 spå åkeren hadde arbeid seg på iinn.
 Men så var det nokre fåreng menn
 som fekk plog, og då såg andre kva
 finemåten, og kva ein kunne spå
 i arbeidskraft med ein plog. Og så
 tok folk til å kjøpa. I fylgninga kunne
 det vera fem til seks menn om ein
 plog, men no her er det sjeldan at
 det er to, kva jordbrukar har ein eigen
 plog.

1513

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING